

SETERPOLITISK MELDING 2019



ALLIANSEN
NY LANDBRUKSPOLITIKK



Redaksjonsgruppe

Silje Strøm og Margit Fausko

Forfattarar

Katharina Sparstad, Yngve Rekdal, Kari Stensgård, Nora Hua Ly Kok,
Jørgen Narvestad Anda, Kathrine Kinn, Runa Tunheim, Kjetil Marstrander,
Silje Strøm og Margit Fausko.

Foto

Pascale Baudonnel, Kathrine Kinn, Tori Snerte og Maria Birkeland Olerud.

Design og layout

Ingvill Eidesen og Malin Sandven

Trykkeri

Grøset Trykk

Gitt ut av Alliansen Ny Landbrukspolitikk 2019

Takk!

Tusen takk for økonomisk støtte frå Naturvernforbunda i Buskerud og i
Telemark, Oppland, Finnmark og Troms Bonde- og Småbrukarlag, og
seterentusiasten Steinar Vatne.

Me vil også takke dei som har bidrige med kunnskap og innspel undervegs i
prosessen, med ein særleg takk til Norsk seterkultur.

Kven er Alliansen ny landbrukspolitikk?

Alliansen ny landbrukspolitikk (ANL) har som formål å påverke det norske landbruket til å bli meir berekraftig og ikkje minst hyggeleg - både for bønder, dyr og forbrukarar. ANL jobbar gjennom å spreie kunnskap om alternative driftsformer og å lyfte fram idear og verdiar for å sette agendaen i samfunnsdebatten. Ei felles forståing i ANL er at kapitalintensiv, industriell stordrift i landbruket ikkje svarar godt til samtidas og framtidas sosiale og miljømessige utfordringar, og at frihandel med mat ikkje kan løyse verdas fattigdoms- og matforsyningsproblem.

ANL består av følgande organisasjonar:

Raud Ungdom
Sosialistisk Ungdom
Grønn Ungdom
Natur og Ungdom
Spire
Norges Bonde- og Småbrukarlags Ungdomsutvalg
Latin-Amerikagruppene i Norge
Biologisk-dynamisk forening
Økologisk Norge (støttemedlem)
Attac Norge (støttemedlem)

Verdival i teknologitid

Året er 2019. Tida vår i dette rike landet her langt mot nord er prega av velstand, velferd, stress og jag, globalisering, befolkningsvekst, økonomisk vekst, miljøkrise og ei rask, rask teknologiutvikling. Og så har du bonden da, oppi det heile. Verdas eldste yrkesgruppe, sett bort frå jegarar og sankarar. Tru korleis jordbruksituasjonen no vil bli sett attende på om 1, 10 og 50 generasjonar? Tru korleis dei vil sjå attende på vala me gjer i åra som kjem?

Me har fleire val enn verdshistoria nokon gong har sett. Men i denne mektige teknologifiseringa må me hugse å ikkje berre undre på korleis me kan lære og tilpassa oss den nye teknologien, me må hugse å spørja oss kva teknologien bør hjelpe oss med, kva verdiar han kan generere gjennom å bygge opp, vara og utvikle, no i denne tida av endelause mulegheiter. Me må spørja oss minst ein gong, kanskje to.

Samfunnsutvikling er ikkje berre økonomival og teknologiutvikling, det er verdival. Me i Alliansen ny landbrukspolitikk vel i denne meldinga å sjå, kjenne på og lyfta fram dei gode verdiane i det tradisjonelle og i det moderne seterbruket. Me meiner dei er relevante i 2019, minst like mykje som før. Og me meiner at verdiane er mange. Så mange at me utan blygsel tør å seie: det einaste som ikkje er bra med setrar er at det blir færre av dei.



Innhald

V - VII Seter på 1 - 2 - 3

DEL 1 Kor står me?

- s. 1 - 2 1.1 Seterdrifta er truga
- s. 3 - 5 1.2 Utmarka har meir å by på
- s. 6 - 9 1.3 Fra 100 000 til 1 000 på 150 år

DEL 2 Fordelar med setring

- s. 11 - 12 2.1 Rikt biologisk mangfald
- s. 13 2.2 Kulturarv knytt til seterdrift
- s. 14 2.3 Hevd i beitekunnskapane
- s. 15 2.4 Lokal verdiskaping
- s. 16 2.5 Dyrevelferd på setra
- s. 17 - 18 2.6 Å, jeg vet en seter..
- s. 19 2.7 Reinvasking av kua
- s. 20 2.8 Berekraftig og solidarisk ressursutnytting
- s. 21 2.9 Meir innmark til planteproduksjon

DEL 3 Kva gjer me?

- s. 23 Mål for seterbruket
- s. 25 3.1 Bakanforliggande jordbrukspolitikk
- s. 26 - 29 3.2 Seterpolitiske tiltak
- s. 29 - 30 3.3 Ynskjer til andre aktørar

Seter på 1 - 2 - 3

Ein typisk morgen på setra

På setra er det ikkje rom for sjusovarar, du må opp tidleg for å starte morgonstellet. Fyrst må du ut for å hente kyrne. Kan hende må du gå langt, og ikkje ein gong veit kor dei er. Kanskje ungane dine såg i kveldsskumringa kva ås bølingen gjekk mot og du prøver den retninga. Er du god til å lokke kan du la tonane trille inn i fjellheimen i håp om at dei høyrer deg og vil koma. Kanskje har du med ei bytte med litt grovt salt eller godt kraftfør som lokkemat. Eller kanskje du har dei inngjerda på nattbeite like ved fjøset og ikkje treng å bale så følt med dette på morgenkvisten. Men mjølke kyrne - det må du både morgen og kveld, ellers kan kua få både mjølkespreng og jurbetennelse, eller i beste fall bli sur og rautete. Det er ikkje eit ansvar ein skal ta lett på - dette med kyr. Under mjølkestellet gir du oftast kost, kos og litt kraftfør til kyrne, vasker spenene og mjølker i veg. Nokon mjølker i bytte som tømmast i tanken, nokon har mjølkeorgan kopla på eit røyrssystem som leier dit direkte.

Aggregatet er ein kjenning for mange stolar utan straum - det gir energi både til mjølkeanlegget, vaskinga og kjøling av mjølka, og har du ei takke blir det kanskje lappar eller annan bakst til frukost også. Alt kan forvrig gjerast utan straum også - ein kan mjølke for hand, koke vaskevatn på omnene, foredle mjølka til haldbare matvarer og steike lappar på vedfyrt takke. Å mjølke for hand er kanskje det mest strevsamme av alt dette, og noko dei fleste langt på veg ynskjer maskinhjelp til, men dei som orkar det finnest framleis.

Setertilpassa mjølkesyklus

Kua mjølkast normalt omlag ti månader i året før ho "sinast". Då tek ho mjølcefri i to månader før ho får kalv, og startar å mjølke på nytt. Når på året denne syklusen startar, altså når kua får kalv, er opp til bonden. Det same gjeld geit og kjeing.

Før var det vanleg å kalve midtvinders eller tidleg på våren, så ein kunne reise til seters så snart snøen



Foto: Kathrine Kinn

smelta og ha full mjølkeproduksjon gjennom sommaren. Ei mjølkande ku treng meir før enn ei avsina ku, og utmarka ved stølane hadde mest før. Soleis var det på sommaren ein produserte mest langtidshaldbare mjølkeprodukt som ost, smør og rumme.

I dag er produksjonstoppen av mjølk på vinteren. Utmarksressursane er ikkje like avgjerande for fôringsregimet, fordi det har blitt enklare og billegare både å dyrke meir gras på innmark, og å fø kyrne med større del kraftfôr som kjem frå både Norge og andre land. Difor er det mykje vanligare i dag å sine av kyrne på sommaren, og sleppe dei på beite i innmark eller utmark. Dette gjer det mogleg for bonden å ta seg litt sommarferie eller drive med andre oppgåver på garden. Ganske mange har også mjølkeproduksjon heime på garden, fordi det stort sett er enklare og billegare med arbeidskraft, mjølkeanlegg og annan infrastruktur.

Ku og geit

Teknisk sett går det an å mjølke alle pattedyr, men smak, avdrått og tilgang til spenene har styrt kva dyr menneska har vald å avle på til mjølking. I Norge pratar me primært om ku og geit.

Kumjølk er det vanlegaste. Les du ”mjøkeproduksjon” utan at dyret er spesifisert betyr det som

regel ku. Geitemjølk er nest vanlegast, kjend for distinkt geitesmak. Geiter er generelt betre til å beite, ved at dei klatrar godt og et meir mangfaldig. Difor trivst geiter godt i fjellet og nokså mange geitebønder reiser til seters. Nokre få mjølker sauен sin, men dette er veldig uvanleg i Norge.

Nøkkelomgrep

Seter = **sæter** = **støl** = **støyl** = **stul** = **staule** = **sel** = sommarannlegg for mjølkeproduksjon i fjellet eller andre plassar vekk frå garden, med sikte på å nytte beite i område som er dårleg egna til heilårsbusetnad. Ei seter har både fjøs og seterbu (hytte).

Budeie = den som steller og mjølker dyra på setra. Tradisjonelt brukt om kvinner, medan mannlege budeier kan kallast både budeie og budør.

Innmark = dyrka mark, dvs. jorder.

Utnark = alt anna enn innmark, dvs. skog, fjell, hei og liknande.

Yting = kor mykje mjølk eit dyr produserar. Årsproduksjon kallast avdrått.

Kombiku = ku som er god både på mjølkeproduksjon og kjøtproduksjon. I mange land spesialiserer dei kyrne til å enten bli høgtytande mjøkekjur, som Holstein-kua, eller til å få mykje og godt kjøt, som Hereford-kua, medan vår vanlegaste rase – Norsk rødt fe, har vorte avla til å bli ganske god på begge deler.



Foto: Kathrine Kinn

Beiteplanter



Vier

Blada på vieren er proteinrike og blir godt likt av geit og gamle kuraser. Dersom beitetrykket blir for lågt kjem vieren tett og skuggar andre beiteplanter.



Smyle

Smyle er viktigaste beitegraset norsk utmark, ikke fordi det er den beste beiteplanta, men fordi det er så mykje av den.



Engkvein

Engkvein er rik på både protein og karbohydrat, og er det beste beitergraset i utmarka. Det breier seg fort i frodig mark som blir hardt beita.



Tyrihjelm

Tyrihjelm er ei giftig plante du ser mykje i attgrodde skogsbeiter. Den tåler ikke trakk og må ty til treleggane for å overleve ved høgt beitetrykk.



1. Kor står me?

Skrivi av: Yngve Rekdal, Kari Stensgård
og Norsk Seterkultur

1.1 Seterdrifta er truga

Ord frå Norsk seterkultur

Eg reknar med at alle som les dette har sett krasa farne stølshus og attgroande beitelandskap. Kva slag tankar gjer vi oss når vi ser forfallet? Er det ei naudsynt utvikling, eit unngåeleg tap? Eller symptom på politisk vanstyre og kortsiktige løysingar? Og korleis samsvarer dette med det grøne skiftet?

Korleis starta det heile?

La oss spole litt tilbake; for om lag 5000 år sidan kom dei første husdyrbrukarane til det som no er Noreg. Etter desse finn vi pollen og helleristningar (skålgroper) i seterområde. Når seterdrifta starta slik vi kjenner den i dag er uvisst, men seterdrift er nemnd allereie i Gulatingslova. Setra vart lagt der det var gode beiter og vasstilgang. Mange setre forsvann etter Svartedauden i 1347, men tok seg opp att på 1600-talet då vi vart fleire. Flest var det kring 1850, og med vår- og hauststoler var det truleg opp mot 100 000 stoler i drift. I 2018 var talet under 900. Dyrkbare areal Noreg er få, men beiteressursane i fjellet er rikelege. Fram til dei siste ti-åra har setrane vore avgjeraande for fjell-landbruket. I dag er vi vande med å sjå dyr på beite innanfor gjerdene. Den gongen skulle gjerdet halde dyra utanfor. Areala kring garden var til åkerbruk og vinterfôr. Gras vart slått der det var mogleg. Opp etter liene låg heimstolane, slik at dyra kunne flytte oppover etter graset. Utpå sumaren var det buferd til fjellsetra, eller langstolen, der dei vart verande til hausten kom og frosten dreiv dei heim. Også her vart det slått. Der setra låg for langt unna til å køyre vinterfôret heim, flytta folk og dyr til stolen seinhaustes og vart verande til tørrfôrret var ete opp.

Frå ressурсeffektivitet til økonomieffektivisering
Etter 1850 byrja industrialiseringa, og i 1856 kom det fyrste andelsmeieriet. Frå 1870 vart gards- og setersmør samla i smørlag/foreiningar, og i 1881 vart småsamvirka samla i Den Norske Meieriforeining og seinare til Fellesmeieriet. No vart mjølka henta av mjølkebilen, og setrar utan bilveg vart avvikla. Vi fekk kunstgjødsel, traktorar, nye reiskap og fossilt brensel. Vi fekk også ei ny type ku, Norsk raudt fe, som kan produsere mykje meir mjølk berre ho får nok kraftfôr. På jordbrukskulen lærde vi at det gav best økonomi om ho sto inne heile året. Tiåra etter krigen var prega av effektivisering og økonomisk vekst. Gevinsten var størst hos dei store og lettdrivne brukarar, og mange småbruk fall frå. Seterdrift er ofte knytt til mindre bruk, og når desse fell bort, forsvinn også setra. Norsk seterkultur ser derfor med stor uro på avviklinga av norske mjølkbruk. Beitelandskapet slit med forfall og attgroing, og vi har eit investeringsetterslep for seterbygga på om lag 20 år.

Parallelt med effektiviseringa veks det fram nye forbrukartrendar. Ei aukande gruppe meiner at effektiviseringa i husdyrhaldet no har gått for langt. Deler av mjølk og kjøtproduksjon har fått industrielt preg som kan gje assosiasjonar til kjøtfabrikk utan omsyn til individ. For mange verkar dette fråstøytande, og ei aukande gruppe forbrukarar vel bort kjøt som personleg tiltak for klima og dyrevelferd.

Det gulaste smøret

I dette perspektivet ser vi eit u-utnytta potensial for mat frå setra. Råvarer frå fjellet har mange av

tilleggsverdiane den bevisste forbrukar etterspør, og vi meiner at marknadsregulatorane Tine og Nortura ikkje tek nok omsyn til dette. Mange seterbrukarar foredar sjølv med stor auke i meirverdien. Budeiene har alltid visst atosten hadde ekstra god smak og smøret vart gulare og mjukare på setra. Seinast i 2018 fekk fleire stølsostar internasjonale priser, og seterbedrifter vert ofte løfta fram som spydspissar i samband med Landbruks- og matdepartementet og Innovasjon Noreg si satsinga på mat og reiseliv. Den gode smaken og synet av fornøgde dyr er for mange ei god oppleveling. For det er ikkje berre dyra som trivst på setra. Mange av dei som driv stølsbedrifter i dag opplev aukande interesse. Folk vil ha dei gode opplevelingane. Dei minner oss om noko som kjennes rett, noko sant og ekte. Dei vil sjå nøgde dyr – ikkje berre på kartongen. Dei vil også treffen folket og høre historier om livet her oppe. Seterdrifta er framleis ein del av vår felles integritet. Dette er ein ideell stad for formidling av dei gode verdiane i landbruket. Dyra går fritt og finn sjølv fram dei beste beitene. Budeia veit også at dyra må trivast for at dei skal kome heim om kvelden. Og dyra må vite at dei vert tekne vare på. Seterdrifta er ein pakt mellom menneske, dyr og natur. Gjennom langvaring, kontinuerleg beiting har det utvikla seg spesielle artssamfunn der mange raudlista plantar, insekt, fugl og smågnagarar finn si nisje. Sjølv om matproduksjon er det primære, forstår vi at seterdrifta forvaltar fleire ulike verdiar. Forvaltninga av fleire fagområde ligg under ulike forvaltningsregimer. Mange opplev at virkemidla ofte ikkje er samstemte, og også verkar mot kvarandre.

Mattilsyn i kulturkræsj

I høve til foredling og sal er det store krav til hygiene, produksjonslokalar, dokumentasjon og rapportering som krev investeringar og tid. Mattilsynet skal handheve regelverket, og i rolla som kontrollorgan kan det snøgt opplevast som

ei barriere for auka verdiskaping. Norsk Gardsost med deira kompetanse har nok mykje av æra for at mange stølsbedrifter framleis er aktive.

Klimadebatten

Vi står no framfor ei naudsyt grøn omstilling. I staden for å spore av på ein debatt om drøtvtyggjarar og tarmgass, må vi sjå på hovudårsaka, fossilt brensel. Drivstoff til transport er ei vesentlig klimagasskjelde. Skal landbruket bli grønare må vi ta med heile produksjonslinja, også for det som går gjennom dyremagen. Store deler av kraftføret til norske husdyr er dyrka heilt andre steder i verda. Produksjonen legg beslag på både åkerland og regnskog – som er vår viktigaste oksygenprodusent. Om den grøne omstillinga skal ha eit reelt innhald må vi disponere våre eigne areal betre. Åkerland må berre nyttas til produksjon av menneskemat, og beitedyra nytte utmarksbeitene i mykje større grad. Fjellbygdene er omkransa av enorme førverdiar i fjellet. Takka vere sola og fotosyntesen får vi næringsrikt dyrefor på elles lite drivverdig jord. Kva er meir energiøkonomisk, berekraftig og verdiskapande enn å la beitedyra nytte dette?

Kva no?

Dagens seterdrift er spreidd i heile Fjell-Noreg, men hovudtyngda ligg i Oppland og Hedmark, med Valdres som kjerneområde. Setertilskot gjennom Regionalt Miljøprogram kom i 2005. Vi ser at fylka som har prioritert stølsdrift i forvaltinga har hatt ein svak auke som til dømes i Trøndelag.

Kor mange setre, beitedyr som går på utmarskbeiter eller krasa farne fjøs vi har er opp til ein kvar bonde, men vala den enkelte gjer avhenger i stor grad av overordna, politiske mål. Og måla vi set skapar framtida vår.

Meir om norsk seterkultur på www.seterkultur.no

1.2 Utmarka har meir å by på

Av Yngve Rekdal, Norsk institutt for bioøkonomi

Auka sjølvforsyningkrev at heile landet blir teke i bruk. Berre 10 millionar dekar, eller 3 prosent av landarealet, er jordbruksareal. Heile 96 prosent av landet er utmark. Utmarka kan brukast i matproduksjon, men haustinga kan berre gjerast av beitedyr. Tal frå prosjektet "Arealrekneskap i utmark" ved NIBIO, viser at kring 138 millionar dekar, eller 45 prosent av landarealet, kan nyttast som beite for husdyr.

Frå fattige til svært gode beite

"45 prosent av landarealet kan nyttast som beite for husdyr."



Troms er fylket som kjem ut med eineståande høg beitekvalitet med heile 22 prosent av arealet som svært godt beite. Agderfylka, Rogaland, Hedmark og Finnmark kjem ut på den fattigare sida med kring 5 prosent eller mindre i beste klasse.

Regionale gjennomsnittstal kan skjule store lokale ulikheiter skapt av berggrunn, lausmassar, topografi og klima. Døme på dette er Hedmark med svært rike beite i nord, og skrinnare midt i fylket. Sør-Trøndelag har rike fjellbeite, men fattigare ut mot fjordar og kyst.


Verdifullt førgrunnslag

Det er ikkje meir enn 100 år sidan utmarka var viktigaste førgrunnslaget for norsk husdyrproduksjon. Haustinga av fôr i utmark har sidan gått mykje tilbake, men framleis er det ein viktig del av førgrunnslaget for norsk landbruk. Norsk sauehald, med om lag 2 millionar sau på utmarksbeite, hentar det meste av produksjonsfôret frå utmark. Utmarksbruk er også i auke i produksjonen av storfekjøt og 234 000 storfe gjekk meir enn fem veker i utmark i 2018. Det vart hausta verdiar for vel en milliard kroner dersom desse skulle vore erstattat av dyrka grovfôr. Tek ein også med reindrifta som haustar i utmark heile året, blir dette talet atskilleg høgare. Kor mykje mjølk som i dag blir produsert på utmark er ikkje sikkert, men det er veldig lite.

Beitinga kan meir enn doblast

Tal frå prosjektet "Arealrekneskap i utmark" viser at den samla førressursen tilgjengeleg for husdyr i utmark er om lag 800 millionar føreiningar. Kring 300 mill (sjå kakediagram) føreiningar av dette vart utnytta i 2018.

Fôruttaket frå norsk utmark kan såleis i alle fall doblast. Det kan heilt sikkert haustast mykje meir, men da vil ein truleg måtte gå noko ned på tilveksten på dyra da dei vil måtte ete meir av planter med lågare førverdi, til dømes lyngtar.



Oppland, Sogn og Fjordane, Hordaland og Agderfylka er dei fylka som har høgast utnytting av beiteressursane i utmark.

Beitekvaliteten i utmarka er ikkje berre naturgjeve. Mykje av vegetasjonsbiletet i norsk utmark er ein arv etter våre forfedre som måtte nytte utmarksressursane mykje meir aktivt enn i dag. Beiting, slått og anna hausting gav eit ope, grasrikt landskap. Situasjonen i det meste av landet i dag er at beitetrykket er for lågt. Tresettinga blir tettare og planteproduksjonen i undervegetasjonen blir redusert når lys og varme ikkje slepp ned. På den beste marka kjem høgvaksne urter og bregner inn og skuggar ut graset. Beitekvaliteten blir derfor sakte redusert på store areal. Utmarka må skjøttast skal beitekvaliteten takast vare på.

Attgroing i seterlandschapet

Størst er endringane langs kysten og i fjellet. I fjellet er det seterlandskapet i fjellbjørkeskogen som er mest utsett. Dette gjeld særleg områda mellom Gudbrandsdalen, Valdres og Hallingdal. Karakteristisk for landskapet her er bratte dalsider opp frå hoveddalføra. Mellom 800 -1100 meter over havet flatar det ut i vide viddelandskap, berre brote opp av grunne dalar og godt runda høer og høgder. Dette har vore noko av det hardast hausta utmarkslandskapet her i landet. Det vitnar dei mange og store setergrendene om, og dei store skogbarepartiasom ligg 200-300 høgdemeterunder

den klimatiske skoggrensa. I ein attgroingsmodell laga ved NIBIO er attgroingsarealet i kommunane Vestre Slidre og Øystre Slidre berekna til 23 prosent av kommunearealet, for Sør-Fron 18 prosent og Øyer og Nord-Aurdal 17 prosent. Det meste av desse areaala ligg i seterlandskapet. Ei stor landskapsendring er her på gang dersom ikkje tiltak blir sett inn.

Ein viktig årsak til avskoginga i seterområda er det store vedforbruket som ein gong var på dei mange setrene. Per Rusten skriv i ein artikkel i årsskriftet til Øyer historielag at det var vedrasjonering ved setrene i Øyerfjellet. Som supplering til vedforbruket vart det teke brenntøy. Riving av einer, «einerkråkå», var òg viktig brensel. I almenningen i Øyer vart det lauva, og i almenningsstyret sin forhandlingsprotokoll frå 1902 står det at det vart teke 10 220 lauvkjerv. Mange måtte til fjells for å bryte ris for at dyra kunne føast vinteren over. Det er såleis ikkje rart at det gjekk hardt ut over skogen.

Beiter i därleg hevd

No har skogen begynt å ta att snaupartia. Oftast er det bjørka som etablerer seg, men stadvis går grana først til fjells. Den klimatiske skoggrensa i desse områda går kring 1100 moh. Det meste av fastmarksareal under denne grensa vil bli skogkledd dersom det ikkje lenger blir hausta. Før skogen kjem eineren som er pionerplante på snaue areal der ris og busker har vore halde borte. Særleg i nærområda til setrene er det ofte svært tett med einer, og da den ikkje blir beita er den vanskeleg å halde borte. Dvergbjørka kjem òg tett, og på frodige parti gror vieren til.

Mykje areal av setervollar og anna dyrka mark i fjellet er i därleg hevd. Stadvis blir det ikkje lenger hausta, eller det blir sleppt storfe seint på sommaren. Det dannar seg da lett eit hav av sòlvbunketuver. Denne tilstanden kan halde seg i mange år da andre planter har vanskeleg for

etablere seg her, men før eller seinare vil skogen sine artar koma inn.

Dersom vi ser på historia til landskapet og den mangfaldige haustinga som har skapt dette, skjørnar ein at attgroinga blir ikkje lett å gjera noko med. Dette av di vi i dag i første rekke berre har to haustingsreiskap att. Traktoren kan halde i hevd dei dyrka areala, resten må beitedyr ta seg av. Det går mykje beitedyr i seterlandschapet i desse områda. Stadvis seinkar dei attgroinga godt, men få stader er det nok til å stoppe utviklinga.

Retningsval og prioritering

Er det ønskjeleg å ta vare på det opne seterlandschapet? Kanskje er det berre nostalgi – ei idealisering av barndommens landskap. Skal ein ta stilling til dette er det viktig å forstå at eit landskap endrar eigenskapar når det gror att. Som beitelandskap vil tre- eller busksjikt hindre lys og varme å nå ned i undervegetasjonen og dermed sette ned produksjonen av beiteplanter. Tilgjenge til beiteplantene blir også vanskeleg. Som opplevingslandskap er seterlandschapet svært viktig, og det vil bli store endringar dersom skogen står som veggar inn til stiar, vegar og setervollar. Det beiteskapte landskapet har eit særegne mangfald av planter som er tilpassa påverknaden frå beitedyra gjennom avbiting, trakk og gjødsling. Desse vil forsvinne ved attgroing. Svært mange artar på «Raudlista» høyrer til her. Seterlandschapet er også ein del av ein kulturarv som gradvis forvirrar.

Mykje har grodd att, men det er framleis store areal som er opne i seterlandschapet i fjellet mellom Gudbrandsdalen, Valdres og Hallingdal. Alt kan ikkje bergast, derfor må ein prioritere areal og sette inn målretta tiltak i desse områda. Nok beitedyr må vera til stades, men beitedyra greier ikkje jobben åleine. Det finst no mykje maskinelt utstyr for riving eller fresing av kratt. Her er det nærområdet til setrene og setervollane

som bør prioriterast. Ein ser mange døme på at dette gjev godt resultat. Uansett kva tiltak ein set inn må det vera beitedyr i etterkant elles gror det til att med stor fart.

Seterlandschapet er viktig for kommunane i desse områda som ressurs for landbruk og reiseliv, og for lokal travsel for fastbuande og hytteeigarar. Men diskusjonen om korleis dette skal takast vare på i større samanheng synest vera fråverande. Grunnleggande for å skjøtte seterlandschapet er ei levande beiteenåring. I tillegg må ein ha målretta tilskot som stimulerer til beite og andre tiltak på og omkring setrene. Ei stor utfordring er å få til heilheitleg landskapsskjøtsel slik at det ikkje berre blir flekkvise tiltak.

Ta “gratisressursen” attende

Ei produktiv utmark er eit fortrinn for norsk landbruk. Denne “gratisressursen” er eit vilkår for lønsemid i sauehaldet. Storfehaldarar ser også meir mot utmark som del av fôrgrunnlaget. Det kan produserast mykje meir mat frå norsk utmark ut frå den ressursen som ligg der. Det kan truleg også hentast ut ein meirverdi frå det utmarksbaserte landbruket. Sunn mat, produsert i rein og vakker natur, med høg dyrevelferd skulle høve godt inn i trendar som ein ser i matmarknaden no. Bruk av utmarksbeite høver også inn i omgrep som kortreist mat og mat med lokal identitet, attåt at det er ein nærist økologisk produksjon.

Ei utfordring er å finne driftsformer for bruk av utmark inn eit moderne landbruk. Det gjeld til dømes organisering av beitebruk og å lage driftsopplegg som ser den samla ressursen i inn- og utmark i samanheng. Utmarkbeite kan drivast med godt resultat over det meste av landet dersom ein tilpassar drifta til dei lokale naturvilkåra. Nokre bygder har utmarksressursar som gjev særskilt gode vilkår for å utvikle eit utmarksbasert landbruk.


1.3 Fra 100 000 til 1 000 på 150 år

Av Kari Stensgård, Norsk institutt for bioøkonomi

Seterbruket i Norge har vært svært omfattende, og det har skapt et landskap med store biologiske og kulturelle verdier. Ved inngangen til 1900-tallet var det rundt 100 000 setre i bruk. I dag er det knappe 900.

Siden 1850, da seterdrifta kanskje var på sitt aller mest omfattende i Norge, har omfanget avtatt sterkt. De siste tallene fra Landbruksdirektoratet viser at 742 enkeltsetre fikk tilskudd til drift i 2017. Fellessetrene foreligger det ikke tall for, men utfra utviklingen de seinere år, kan vi anslå at det finnes i overkant av 100 aktive fellessetre, med et snitt på tre medlemmer per seter. Derved har vi omtrent 850 aktive setre og bortimot 1 100 gårdsbruk med seter eller andel i seter i 2017. Av de 8 575 melkeprodusentene samme året dro altså 12-13 prosent til seters.

Tallene for seterdrift er dramatisk lave, dersom vi har en intensjon om å opprettholde tradisjonen med seterdrift i Norge. Den stadige nedgangen tilsier at det er nødvendig å vurdere bedre tilrettelegging og stimulering til setring, hvis seterlandbruket skal videreføres.



Figuer viser antall gårdsbruk med seter/andel i seter årene 1850 – 2010
Tall er hentet fra Lars Reinton, SSB og Landbruksdirektoratet

En vesentlig årsak til nedgangen i nyere tid, er at det blir færre melkeprodusenter. I tiåret fra 2008 til 2018 ble antallet melkebruk redusert fra 13 708 til 8 205, det vil si en avgang på hele 40 prosent. I 1850 drev i overkant av 50 000 gårdsbruk inkludert husmannsplasser seter, etter beregninger gjort av landbrukshistorikeren Lars Reinton (Reinton 1955: Sæterbruket i Noreg 1). På 1800-tallet og noe inn på 1900-tallet var det vanlig å flytte mellom flere seter etter hvert som graset vokste til og beitene ble tilgjengelige. Flere bruk kunne også dele på en og samme seter. Det foregikk setring «overalt»; i skogen, på fjellet, på øyer. Utmarkas førrressurser var helt avgjørende for overlevelse. Når vi så anslår at de 50 000 brukene benyttet 100 000 setre, kan det trolig anses som et moderat og heller lavt tall.

Utviklingen de siste 150 år

Etter 1850 har tallet på gårdsbruk med seterdrift vært i stadig nedgang. I figur 1 vises utviklingen for perioden 1850 - 2010. De tidligste tallene er estimer. For 1850 har vi anslaget til Reinton. Først i 1909 og i 1939 finner vi reelle tall for virksomheten. Etterhvert kommer jevnlige landbrukstellinger inn. Fra ca. 1909 stuper kurven nedover helt til 1980 før den brått flater ut. Antallet bruk med seter var da nede i snaut 3 000. På 1990-tallet skjedde det for første gang en ørliten økning, men så har nedgangen fortsatt, imidlertid i en mye svakere takt. Også under 2. verdenskrig, da alle matressurser brått ble ekstra verdifulle, bremset nedgangen i

seterdrifta opp noen år, før det i moderniseringstida etter krigen igjen bar utfør. Selv om det totale antallet gikk ned, var det fortsatt nye bruk som startet opp med seterdrift.


Uflatingen i nedgangskurven etter 1980 kan skyldes økt oppmerksomhet rundt seterdriftas utvikling og verdier som var i ferd med å gå tapt. De statlige tilskuddene til seterdrift som fulgte av dette og ble innført i 1989, har bidratt til å bremse nedgangen.

Fellessetre, der flere bruk går sammen om felles anlegg og drift, kom sterkt inn i bildet særlig fra 1970-tallet. Disse ble en periode sett på som redningen for seterdrifta. Rasjonelle anlegg, innleide røktere, store buskaper, som beitet på fulldyrket og inngjerdet eng, skulle gi setrene bedre økonomi og bøndene mer fritid. Nå har det likevel ikke blitt en utvikling der fellesanlegg tar over for enkeltsetrene. Både enkeltsetre og fellessetre er i stadig nedgangstakt.


Hvor har vi de aktive setrene i dag?

For å finne tall for både enkelt- og fellessetre, må vi tilbake til 2015. Forholdet fylkene imellom i 2015 er trolig nokså likt situasjonen i dag. Tyngdepunktet for setring finner vi i Valdres og Nord-Gudbrandsdalen, i Nord-Østerdalen, Hallingdal og sørlige deler av Trøndelag. Fellessetrene har størst utbredelse i Møre og Romsdal og sør i Trøndelag. Oppland er vårt desidert største seterfylke, med 356 setre i 2015. Det omfattet 39 % av alle aktive setre. Nummer to på lista var Hedmark med omtrent halvparten så mange; 183 setre. Videre hadde Sør-Trøndelag 110 aktive

setre og Buskerud 88. På Vestlandet var det flest aktive setre i Sogn og Fjordane: 51, og Møre og Romsdal: 43. Når det gjelder andelen melkeprodusenter som setret, lå Buskerud på topp i 2015, med hele 42 prosent. I Hedmark setret 35 prosent og i Oppland 34. I Telemark setret 26 prosent og i Sør-Trøndelag 21. I Møre og Romsdal var tallet 13 prosent mens de øvrige vestlandsfylkene lå godt under 10 prosent. (Tall fra Landbruksdirektoratet. Tall for melkebruk er hentet fra Produksjonstilskudd per 31/7).



Figuer viser andel melkeprodusenter som driver seter i fylket, mørkere farge indikerer høyere andel seterbruks.



Buskerud - 42%
Hedmark - 35%
Oppland - 34%
Telemark - 26%
Sør-Trøndelag - 21%
Møre og Romsdal - 13%
Resten < 10%

Bygningsmiljøer på setra

Setre og rester av setre finnes også fortsatt «overalt», men det har skjedd store tap av kulturverdier i setermiljøene. I undersøkelsen Hvordan står det til på setra? (NIBIO-rapport nr. 88/2017) undersøkte NIBIO 1700 seteranlegg spredt rundt i landet. Noen setre gjenfinnes nå bare som tufter og ruiner, og noen har store endringer i bygningsmiljøene som følge av overgangen til fritidsbruk. Kun 4 prosent av setrene i undersøkelsen drev med melkeproduksjon, 30 prosent drev slått eller beite på vollen, nær 60 prosent var i bruk som feriested

og 27 prosent var helt ute av bruk. I underkant av 1 prosent var åpne for turister. Mange tradisjonelle seterbygninger var i forfall eller fjernet. På en fjerdedel av setrene med stående bygninger manglet det seterstue, halvparten manglet fjøs og tre fjerdele var uten løe. Det var mye gjengroing på setervollene, men halvparten av dem var godt egnet for restaurering. Disse var enten åpne og i hevd eller bare i en moderat fase av gjengroing. (NIBIO-Rapport nr. 88 2017).



Grunner til at seterbruk opphører

Flere forhold har betydning for videreføring av seterbruket. Blant annet har økonomi, teknisk utvikling, besettingsstørrelse og tilgjengelig arbeidskraft betydning. Etter hvert som flere nabogårder har lagt ned drifta, kan mer tilgjengelig vinterfør og beite i bygda bidra til at melkebruk ikke finner det hensiktsmessig å fortsette med seterbruk. Merkostnadene ved å holde driftsapparat to steder og å betale budeie eller røkter, er også viktige faktorer.

En større oppgradering av fjøs er på trappene, fra båsfjøs til løsdrift. Alle vil ikke bli med på denne overgangen, med de store investeringene som følger med, og flere vil nok avvikle drifta. Innslaget av melkerobot i norske kufjøs er økende. Noen hevder at det er vanskelig for kyrne å venne seg til å skifte mellom robot på gården og manuell melkemaskin på setra. Andre erfarer at det fint lar seg kombinere. Nå finnes også mobile roboter

som kan fraktes mellom gård og seter. Utviklingen i retning av større buskaper kan være en større utfordring for seterbruket enn robotene. Eldre seterhus og setervoller har ofte ikke kapasitet til å ta imot store besetninger. I en melkeproduksjon der det legges stor vekt på høy ytelse, trengs fulldyrka engareal, mens utmarksbeiting blir mindre aktuelt. Dette betyr at setrene kan få helt ny utforming, både i bygninger og areal, om de skal romme høyt dyretall og moderne teknologi.

Produsenter som vektlegger flere verdier ved setringen enn høy produksjon, kan ha god nytte av seterdrift i dag. De kan utnytte utmarkas «gratis» ressurser, begrense gjengroingen, styrke dyrehelse og trivsel både for fe og folk, bevare kultur og tradisjoner, utnytte de særlige egenskapene fjellbeite og setermelk innehar. Ikke minst kan de vise et positivt bilde av landbruket utad, til glede for både lokalbefolkning og turister.



Foto: Tori Snerte

2. Fordelar med setring

Skrivi av: Alliansen ny landbrukspolitikk



2.1 Rikt biologisk mangfald

Forvalting av biologisk mangfald i kulturlandskap skil seg frå anna biomangfald – det må vernast gjennom drift.

Habitatgrunnlaget for kulturlandskapsartane vart danna då menneska starta å stogge naturbrann og jage bort ville beitedyr. Mange typar gras, urter og blomar trivst med lyse og næringsfattige forhold, som er resultatet av slått og beitetrykk. Slik har kulturlandskap gjennom fleire hundre år vore habitat for ei rekke artar i spesielle økosystem. Forsvinn kulturlandskapet, forsvinn mange artar som ikkje finnест nokon anna plass.

Jordbruks storstilte omstrukturering dei siste 60 åra har gjort at me slepp stadig færre dyr ut på beite, landskapet gror att. I følge "Norsk raudliste for naturtyper 2011" er kulturmarksenga "sårbar" og kystlyngheia og slåtteenga "sterkt truga" som naturtyper¹.

Redd insekta!

I kulturmarka veks mellom anna solblom, raudkløver og orkideane svartkurle og søstermarihand. Plantemangfaldet er vidare essensielt for mange insekt og dyreartar, både som næringsgrunnlag og habitat. Tilførsel av gjødsel eller opphøyr av slått eller beite vil føre til at desse plantene dukkar under for meir konkurransedyktige og hurtigvoksande planteartar, som også stort sett er därlegare for

insekta. Nokre år utan skjøtsel kan vera nok for at blomar, bier og det originale biologiske mangfaldet vil mistrives. Jordbruket sjølv er direkte og indirekte avhengige av pollinatorer for kring ein tredel av matproduksjonen, og bør gjere meir for å ta vare på insektas behov. Alarmerande rapportar om insektdød bør også gjøre at fleire ser til kulturlandskapet som kritisk verneverdig.

Kulturmark er den naturtypen med flest utrydda artar sidan 1800 – heile 44 artar². Artar knytt til kulturmark utgjer i dag 24% av den norske raudlista, med totalt 565 artar. Bland desse er biller, sopp, sommarfugl, blomar, veps og pollinatorar³. Mellom anna er ein tredel av dei 207 villbiene er truga.

Verdifult og viktig

Biologisk mangfald er essensielt for å oppretthalde stabile økosystem, og tapet av éin art kan føre til at ein heil næringskjede rasknar. Ettersom naturen utsettast for miljø- og klimaendringar vil breitt biologisk mangfald også vise seg viktig for å gje økosistema fleire bein å stå på for tida framover.

Me må ta vare på kulturlandskapet - ikkje berre for fin hytteutsikt, men for det uhyre viktige biologiske mangfaldet som har både kjende og ukjende økonomiske og økologiske verdiar. I tillegg meiner me det har ein eigenverdi i seg sjølv.

Eksempel på truga artar knytt til kulturlandskap:



Brudespore, *Gymnadenia conopsea*

Kallast både "Styggemannshånd", "Kristus og djevelen" og "Jomfrumarias gjeitjur" på ulike dialekter, og er ein orkidé ein kan finne i seterlandschapet. Den trivast best ved slått på seinsumaren som følgjast av etterbeiting.⁴

Apollo sommarfugl, *Parnassius apollo*

Er ein sommarfugl som har sitt habitat i stupbratte fjellsider. Larva utvikler seg på rosenrot i fjellet og smørbukk i lavlandet. Den likar seg godt i områder med seterdrift eller gardsdrift nær levestaden.⁵



Fiolett greinkøllesopp, *Clavaria zollingeri*

Er ein sopp som i hovudsak forekjem i kulturmarkseng, men kan også forekomme i rik skog. Fruktlegemene til soppen er ganske store og har veldig øynefallende farge.⁶

2.2 Kulturarv knytt til seterdrift

Ein kan sjå seterdrifta som eit teikn på korleis ein frå gamalt av tok nytte av kvar ein tust og kvast som var tilgjengeleg for at ein ikkje skulle svelte ihjel.

Setra var ein moglegheit til å kunne nytte alt av fôrresurssane heime på garden til vinterfôr og heller nytte andre ressursar om sumaren. Det var også vanleg å slå på setervollar og på myrer i fjellet. Dette blei anten lagra på stølen og køyrt heim om vinterstid eller så blei besetninga flytta til seters då føret heime på garden gjekk tomt. Andre stader blei ein kanskje verande på setra heilt til føret ein hadde hausta på setra gjekk tomt. Ein kan sjå seterdrifta som ein oppfinnsam, men naudsynt måtte å overleve på den tida då Norge ikkje kunne kaupe seg frå vanskelige produksjonsforhald.

I dag kan det kanskje synast idyllisk at nokre seterbrukarar held fram og bidreg til at kultur- og fjellandskapet ser vakkert ut. Våre forfedre såg

det kanskje ikkje som anna enn naudsynt å nytte alt ein hadde av tilgjengelege ressursar.

Tradisjon og framtid

Å ha forståing for korleis dei fekk det til å gå rundt då kan óg hjelpe oss i framtida. Kanskje i nærmere framtid enn ein trur. Kunnskap om setring er handlingsbåren. Det er ein del av vår immaterielle kulturarv. Kunnskapen må ivaretakast gjennom at setring praktiserast. Det er lokal kunnskap som kan bli viktig i ei usikker framtid. Då trur me i ANL at det vil vere ei styrke å ha fleire bein å stå på. Me ynskjer ei utvikling der ein kikker på tradisjonell fôrutnytting samstundes som ein utvikler ny teknologi. Tradisjonell fôrutnytting treng ikkje å vere gamaldags sjølv om det er gammal teknologi. Nokre gonger blir gammal teknologi avfeid til tross for at det kanskje er meir formuftig å bruke den tradisjonelle metoden. Visst ein skal utnytte kvar ein skrent og flekk med gras er det til dømes nokre stader ein ikkje kjem til med slåmaskin, men kor ljåen er lettare og meir energieffektiv å bruke. Skal ein rydde eit attgrodd beite i subbete snøføre kan det vere lettare å flytte tømmer med hest enn med traktor. Ein må ikkje alltid utvikle ny teknologi for å løyse problemer. Nokre gonger er den eldgamle teknologien enklare og betre, men det forutset at ein har kunnskapen om korleis det gjerast.

Kunnskap og bevisstheit

Vår historie og kulturarv henger i hop med kunnskap. Metodar for å slå gras og buføring, konservere mjølk og kjøt gjorde at ein kunne nytte godt av sumaren om vinteren óg. Denne kulturarven går tapt om ikkje han haldast i hevd.

Me trur at folk flest blir meir og meir bevisst på kva dei et, og ikkje minst kva dyra me et har ete. Folk er interessert i kor maten kjem ifrå og kva avtrykk det har på miljøet og for dyrevelferd. Difor trur me at marknaden for lokalproduserte og miljøvenlege produkter er i vekst.



2.3 Hevd i beitekunnskapane

Ressursane i den norske utmarka har vore og er heilt avgjeraende for befolkinga. Det same gjeld kunnskapen knytt til desse ressursane.

Jordbruk tilpassa norske ressursar

På setra kan ein møte på mange utfordringar som ein ikkje har på garden. Det kan til dømes vere dropp i mjølkeyting eller ei stor besetning som kan vere vanskeleg å handtere. Me må i mykje større grad tilpasse den norske gardsdrifta, inklusivt dyra, til dei norske ressursane me har tilgjengeleg, heller enn å tilpasse garden og dyra mot teknikken som til dømes mjølkerobot og maskinar. Me må spørje oss; kva slags jordbruk, kva gard og korleis ser den kua ut som er mest egnar til å hauste ressursar frå norsk jord.

Blant drøvtyggproduksjonane har nok spesielt mjølkeproduksjonen vore utsett for stor grad av intensivering, der auka produksjon i mindre grad byggjer på lokale ressursar. Eit landbruk som brukar sine eigne ressursar er eit solidarisk landbruk, som gir matsikring og fylgjer opp jordbruks grunnmål. Norsk landbruk er og bør vere bruk av norsk jord. Her spelar støls- og beitedrift ein særskilt rolle.

Seterdrift på pensum

Som eit utgangspunkt for god drift bør det leggjast opp til meir undervisning innan utmarksbeite, fjellandbruk og stølsdrift på jordbrukskulane, men det er særskilt viktig å ta omsyn til at det ligg ein enorm mengde med lokal kunnskap i sjølve drifta av støylen og beitene omkring. Slik kunnskap er ikkje generell og kan ikkje lærast i noko skulebok, men må fåast frå dei som dreiv areala før ein. Når det kjem til beitedrift handlar om å kjenne heia, fjellet og beitet. Den lokale kunnskapen er ikkje kunn på det mennesklige plan. Det gjeld også dyreflokkene. Ein dyreflokk som har vore på dei same stølsvollane i generasjonar kjenner beitemarka, og legg dagleg ut i heilt bestemt beitemøstre og turar. Dei kjenner dei beste beitestadane, og kjem tilbake til mjølking. For å halde i hevd slik kunnskap er det særskilt viktig med kontinuitet i drifta. Blir det et opphold på kun ein generasjon vil mykje av lokalkunnskapen gå tapt, og det vil vere svært tungt å få den tilbake igjen. Mykje av kunnskapen vil kunne vere tapt for alltid. I mange tilfelle befinner vi oss diverre i denne situasjonen i dag.



Foto: Kathrine Kinn

2.4 Lokal verdiskaping

Seternisja er ei næring med potensial! Og til det grøne skiftet er vel ingenting så kjekt som verdiskaping på lokale og fornybare ressursar.



Unike produkt

Direkte foredling og lokale meieri med forankring i eit stølsområde styrker matkulturen. Mangfald av meieriprodukt blir rikare og banda til forbrukaren sterkeare. Mjølka frå området blir ikkje blanda med anna mjølk og beheldt sitt unike sær preg, basert på kva dyra har ete av floraen i området. Ulike meieri vil også foredle mjølka på ulike måtar, og skape særeigne produkt som byggjer lokal identitet. Med desse kvalitetane kan meieriprodukt frå seter også ta ut ein høgare pris i marknaden. Ikkje minst vil kortare reiseveg redusere både kostnader og klimagassutslepp knytt til transport.

Mange bein å stå på!

Der finst mange måter å drive ein gard på, og mangfaldet av driftsmåtar er kanskje noko av grunnlaget for at utmarksbeiteressursane me har i Noreg kan takast i bruk. Med ein mangfaldig driftsstruktur har bonden fleire bein å stå på. Det skapar tryggleik for bonden, men skapar òg kulturlandskap og tek i vare kulturarv. I tillegg kan jordbruksveret med på å byggje samhald og stolthet over matproduksjon. Dette er ei viktig kjensle for dei som driv med matproduksjon, men legg òg grunnlag for å vise fram det ein driv med og for å drive med turisme. Det følgjer òg mange goder av eit mangfaldig jordbruk, til dømes arbeidsplassar, gode menneskehabitat i distrikta og eit grunnlag for eit godt liv på landet.

Kortreist mat

For å gjøre det enklare for ein seterbrukar å tilby eit seterprodukt trur me at vegen mellom setra og butikkhylla må bli kortare. Det bør tilretteleggast for at ein kan foredle og selge frå setra eller frå garden, samstundes bør lokale foredlarar ha eit tryggleksnett som gjer det lettare å omsetje produkta sine.



2.5 Dyrevelferd på setra

Flest muleg av dyra bør oppleve velferda ved å koma til seters - kanskje oksane òg?

Tiltak for dyrehelse på setra

Det er lett å romantisere kyr som etter ein lang vinter i fjøset kjem ut på beite. Likevel er ikkje tilværet utendørs nødvendigvis problemfri. Dyras velferd kan påvirkast negativt av insektangrep, intens sol, parasittar og tråkkskadar. For å redusere risikoen for at dyr skadar seg eller lider under beitesesongen er det viktig at bonden eller budeia kan gjerde slik at dyr lettare kan halde seg unna områder der skadar kan oppstå. Dersom tilgongen på skugge ikkje er tilstrekkeleg er leskur eit godt alternativ. Difor bør investeringstonaden som i stor grad har finansiert store fjøs, i større grad gå til gjerder, leskur, system for drikkvatn og opprusting av gjengrodde beiter, heller enn finansiering av store fjøs. Det må vere mogleg å nytte innleid arbeidskraft uten å måtte telje på knappane dersom det trengst for å halde oppsyn

med dyr. Mindre besetningar er ein fordel for at bonden skal kunne ha god oversikt og følgje opp kvart dyr individuelt.

Kastrer oksane og send dei til fjells!

I dag er okser unntatt mosjonskravet, i motsetning til kyr som må ut av fjøset minst 8 veker. Sjeldan er det meir enn ein okse å sjå på setervollen. Den skal inseminere kyra på gamlemåten. Resten står beste fall igjen bak faste og trygge gjerder på garden, og i verste fall er dei aldri utførbi fjøsdøra i levetida si. Det betyr unødvendig bruk av vinterfør til å føre okser innandørs gjennom sumarhalvåret. Difor vil vi ha auka fokus og satsing på kjøt av kastratar. Det må kome lønsame insentivar for å kastrere okser til kjøtproduksjon. Då kan kastratane bli med kvigene opp på fjellet, og bidra til viktig pleiing av landskapet. Tilbake får vi godt og mørkt kjøt⁷.



Foto: Kathrine Kinn

Å, jeg vet en seter..

Det er knytta mykje oppleving og sterke kjensler til kulturlandskap som er holdt i god hevd. Landskapet vi ser når vi skodar ut frå ein fjelltopp eller susar gjennom fjord-Noreg i bil er ei historiebok om vår eiga sjølvforsyning. Kan det vere at vi mistar noko av vår identitet om vi mistar dette landskapet? Er historiekjennskap viktig for vår tilhørslse til ein stad? For vår oppleving av eigen kultur? Under frigjeringa av Noreg leitte vi etter ein eigen identitet, ei felles folkesel, nasjonalkjensla, og seterlandskap og kultiverte landområder vart mala med sirlege strøk av mellom anna Nikolai Astrup og Thomas Fernley. Wergeland og Bjørnson malar framleis romantiske landskap i hovuda våre med sine nedskrive ord. Dei same typane landskap som vi skryt av i postkarta og turistbrosjyrane våre.

På byrjinga av 90-talet vart det gjennomført ei «Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap» der hensikta var å fange opp større kulturlandskapsområder som representerer viktige biologiske, økologiske og kulturhistoriske verdiar. Nett no driv Riksantikvaren med noko av det same gjennom eit prosjekt kalla KULA. Vi

meiner det er viktig å kartlegge og utpeke områder som nasjonalt verdifulle i denne samanheng, da det fører til positive tiltak for å bevare dei.

Jordlappar og åpne landskap dannar romkjensle. Dei skapar variasjon og er nettopp det vi viser fram, er stolte av og elskar å ferdast i. Om dette skal bevarast er opp til oss. For om mennesket krabber ned frå fjella, krabber skogen opp. Vi kan miste eit rikt artsmangfald som har bygd seg opp over tid og som er unikt for denne typen landskap. Vi kan miste opne, lyse beiteskogar, artsrike beitevoller, open hei- og engvegetasjon. Vi kan la krattet gjere beiteressursane utilgjengelege for dyra. Eller vi kan handle.

Er vi villige til å gi avkall på ein turistmagnet? Ein bit av vår identitet? Dette er pur politikk og eit spørsmål om verdiar. Bratte jordlappar gror igjen medan dei på radioen spelar «Jag trivs bäst i öppna landskap...». Vi står med jorda, historia, røtene i hendene, og lurer på om vi skal la det forsvinne. Hadde det ikkje vore synd om vi i framtida i staden for å nynne «å, jeg vet en seter», ender opp med å grine «åh, vet du om en seter?»



2.7 Reinvasking av kua

Klimadebatten er på avveie når ei ku som haustar føret sitt i utmarka blir peika på som ein trussel for framtida.

Biologiske vs. fossile utslepp

Sjå for deg et basseng med ei fontene. Fontena tar vann frå bassenget, spyler det opp i lufta før det faller ned i bassenget igjen. Så sjå for deg at nokon tar ein hageslange, legg enden i bassenget og skrur på krana. Etter ei stund vil bassenget symje over. Viss du skal stoppe oversymjinga må du stoppe tilføringa av vaten til bassenget. Viss du ikkje tenker på kor vatnet kom frå opprinneleg så virker det likegyldig om ein skrur av fontena eller hageslangen. Både spyler vatn ut i bassenget. Viss du tenker over kor vatnet har si opprinnning så er det openbort at du må skru av hageslangen.

Det same gjeld biologiske utslepp og fossile utslepp som drivhusgassar. Biologiske utslepp, slik som metan frå kyr og andre drøvtyggjarar, er i syklus. Gras tek opp CO₂ fra lufta og brukar karbonet i fotosyntesa når det skal vekse. Kua et gress og fordøydet og raper ut metan. Etter omlag ti år i atmosfæra brytast metanet ned til CO₂ igjen. I denne syklusen er det i utgangspunktet ikkje noko nytt karbon som tilførast til atmosfæra. Når vi brenn fossile energikjelder som olje, kol og gass derimot, grev vi opp karbon frå under jorda som har vore ute av syklusen i lang tid og tilfører difor nytt karbon til syklusen.

Beitetrakk og jordkarbon

Forsking viser mellom anna at drøvtyggjarar kan vere god hjelp til å ta karbon ut av syklus og ned igjen i jorda. Nokre av tinga som skjer når drøvtyggjarar er på beite er at dyra tråkker graset ned i bakken, avføringa gir mat til mikrolivet i jorda, og vidare til plantevekstene på beitet. Beiting stimulerar også graset til å vekse og setje

sideskot. Når graset veks meir vil det skje meir fotosyntese og graset skil ut sukkerstoffar som matar mikrolivet i jorda gjennom røtane i byte mot andre næringsstoffar som graset trenger. Varig karbonlagring i jord skjer med hjelp frå eit sunt og aktivt mikroliv i jorda, som avheng av mat frå planterøtane. Ved å ha dyr på utmarksbeite kan ein oppnå meir lagring av karbon i jorda. Det kan ein også på innmarksbeite.

Heilskapleg beiteplanlegging

Ei studie frå Michigan Statevi⁸ ser at ved å bruke eit system kalt heilheitleg beiteplanlegging så kan beitedyr lagre meir karbon i jorda enn dei slepp ut som metan. Her simulerer ein måten beitedyr oppfører seg i naturen for å oppnå samme effekt på innmarksbeite. Dyra blir halde på eit lite område kor dei beiter ganske intensivt og så flyttes de til et nytt område før dei har spist alt, helst en gang kvar dag eller oftere. Resultatet blir at lagringa av karbon i jorda blir større enn utsleppet av karbon i form av metan, sjølv viss ein legger til side forskjellen mellom biologiske og fossile utslipps. Ein annan ting nokon peiker på er også at opne beiter har lysare flater og lengre snødekke, og dermed høgare albedoefekt enn kratt og glissen bjørkeskog.

Berekraft er meir enn klima

Ein kan argumentere lenge både for og mot i kva grad kua gjennom livet sitt bidreg eller ikkje bidreg til akkumulering av drivhusgassar i atmosfæra. Me har her trekt fram nokre argument som talar for dei positive klimaeffektane av ku. Om dei inntreff eller ikkje kjem an på driftsmåte, og reknestykket er komplekst. For ANL er det uansett overordna viktigare å tenkje heilskapleg på berekraft ved å prioritere fornuftig ressursbruk, heller enn å tenkje isolert på klima akkurat når det kjem til drøvtyggjarane. Ku er betre enn kylling.

2.8 Berekraftig og solidarisk ressursutnytting

Foto: Maria Birkeland Olerud



"Jorda tilhører dei som produserer på den," er eit slagord som fremmast av fleire urfolksrørsler og sosiale rørsler mange stader i verda.

Kva er matsuverenitet?

"Dei jordlause si rørsle", også kalt MST, er ei bonderørsle Brasil som kjempar mot skitten gruvedrift, storskala monokulturar, og for rettar til jord. Dei kjemper for sitt livsgrunnlag, nemleg moglegheita til å produsere mat til eige forbruk og til sals i liten skala. Me i ANL ynskjer ei verd der folk som produserer mat til eigen befolkning skal rå over eigne ressursar. Med andre ord: matsuverenitet. Det bidreg me ikkje til ved at norske dyr et stadig meir utlandsk ført.

Usolidarisk arealbruk i utlandet

Mjølkekuar et meir kraftfør no enn før, 43-45% i snitt. Kraftføret består av mest korn, ein del oljevekster som raps og rybs, og ca. ein femtedel soya. Totalt er omlag halvparten av råvarene er importert, derav all soya. Me legg soleis beslag på store areal med høgverdig matjord i utlandet gjennom import av kraftförråvarer. Ein slik politikk og ressursbruk er lite solidarisk og gir dårlig matsikring, spesielt med tanke på at fôrressursar står ubrukte i vårt eige land.

Det er særleg grunn til å trekke fram Brasil - regnskoglandet som me importerer 80% av soyaen vår frå, som for augneblinken har eit facistisk regime som har lagt ned miljøverndepartementet og gitt grønt lys for auka verksemd i Amazonas.

Både med og utan Bolsonaro som statsleiar har Brasil i fleire tiår hatt eit industrilandbruk ut av dimensjonar der store landareal eigast og drivast av multinasjonale selskap med høgt forbruk av kunstgjødsel og sprøytemiddel, og som overkjører ynskjene og behova til lokal befolkning.

Tenk globalt, handle lokalt

Globale matsystem er komplisert og vanskeleg å påverke. Me kan ikkje legge om produksjonsmodellen i Brasil og andre land ved at me ikkje importerar soya, men i det minste er me ikkje med på å bygge opp under ein slik modell. Det me treng i Norge er eit jordbruk som er mindre avhengig av å legge beslag på andre lands areal. Det kan me få til ved å la husdyra våre ete meir norsk gras.

At me produserer det me kan og driv på ein berekraftig måte her heime er solidarisk med resten av verda på fleire plan. Ved å vere skånsom i driftsmetoden i jordbruket er ein også skånsom mot dei andre menneska, dyra og plantane som også lev her på jorda.

Me forstår eit berekraftig jordbruk som noko som ivaretak biologisk mangfold, ikkje utarmor matjorda, strever etter å minske klimagassutsleppet og byggje opp om god agronomi. Det berekraftige jordbruket vektlegg også at framtidas generasjonar si moglegheit til å drive jorda minst like godt som dagens. Me trur eit løft for seterdrifta vil hjelpe oss i den retninga.

2.9 Meir innmark til planteproduksjon

Korleis jordareala nyttast er ikkje lengre bestemt av kva arealet er brukbart til. I dag kan ein sjå beitedyr på høgverdig matjord og utmarksbeiteressursar som ligg brakk.

Me kan produsere meir korn og grønnsaker på norske areal enn det me gjer i dag. Planteproduksjon som går direkte til menneskemat er den mest ressurseffektive matproduksjonen med siktet på å fø befolkinga. Samstundes har utmarka enorme ressursar som berre kan nyttast av drøvtyggjarar. Kjøt og mjølk frå dette var livsgrunnlaget for busetnad i Norge i utgangspunktet, og er også effektiv og fornuftig produksjon i eit ressursperspektiv.

Menneskemat og vinterfôr

ANL meiner at innmarka primært skal nyttast til menneskemat og vinterfôr til drøvtyggjarane. Slik var det før, slik kan det bli igjen. Ein av drivarane for opphøyr av grøntproduksjon til menneskemat, er at innmarka blir brukt som sumarfôr til drøvtyggjarar. Politikken kan og bør gjere noko med dette. Økonomien i grøntproduksjon, også på område som ikkje høver til storskala drift, bør vera betre, og økonomien i utmarksbeitebruk bør vera betre. Dette kan gå på bekostning av tilskot til beiting på fulldyrka mark. Om fleire dyr har

produksjonstopp på sommaren vil også behovet for vinterfôr reduserast.

Samspeil mellom vegetabilsk og animalsk produksjon

Nyansane i samspelet mellom vegetabilsk og animalsk produksjon er riktignok viktige å ta inn over seg. Ikke all innmark har godt nok klima og jordsmonn til å nyttast til menneskemat - i alle fall ikkje år etter år, då kan jorda bli utarma. Sjølve jorda og jordkarbonet har stort sett godt av å ikkje dyrke intensive produksjonar som korn og grønt år etter år, og det er god agronomi i å ha gras, kløver og anna grønnfôr som ein del av eit vekstskifte. Vidare - ikkje alt korn oppnår menneskematkvalitet, avhengig av kva krav ein sett til det, men det mennesker ikkje vil ete er då fornuftig å gje til dyr. Og beiting på fulldyrka mark før eller etter slåtten kan vera fornuftig, sett i samanheng med manglande tilgjengelighet til anna beite.

Smart innmarksbruk

Korleis jordareala nyttast er ikkje lengre bestemt av kva arealet er brukbart til. I dag kan ein sjå beitedyr på høgverdig matjord og utmarksbeiteressursar som ligg brakk. Me ynskjer ein politikk som ser heilkapleg på kva areala er brukbart til. Me ynskjer eit finmaska system som differensierer på mange faktorar og ikkje berre ser ein region som ein enhet. Ressurgrunnlaget på gardsnivå må vere bestemmande for kva som skal produserast. Dette må spesielt sjåast i samanheng med eit behov for auka planteproduksjon.



Foto Pascale Audonnell

3. Kva gjer me?

Skrivi av: Alliansen ny landbrukspolitikk



MÅL FOR SETERBRUKET

ANL meiner at seterdrifta fortener ei storsatsing. Det er svært mange positive sider ved seterbruk som samsvarar både med våre verdiar og jordbrukets mål som er vedtatt av Stortinget. Våre mål er:



- 500 nye setrer i løpet av ti år
- Alle som ynskjer å drive med seter skal ha moglegheit til det.
- Redusere kraftførbruket, auke utmarksbeitebruken.
- Auke prisen på det som produserast på setra.
- Endre mål for avl og yting.



SETERPOLITISKE TILTAK

- 1.** Nasjonalt setertilskot
- 2.** Gratis mjølkekvote
- 3.** Investeringsprogram for seter
- 4.** Satsing på mikromeieri og lokal distribusjon
- 5.** Forbod mot misvisande seterreklame
- 6.** Auka beitetilskot til utmarksmjølk
- 7.** Styrke avslaga for gode beiteraser
- 8.** Tilskot til kastrerte oksar



3.1 BAKANFORLIGGАНDE JORDBRUKSPOLITIKK

For å vera klår på det: små og mellomstore bruk med stor geografisk spreiing er betre egna for setring og øvrig bruk av utmarksbeite enn sentraliserte, store.

Sidan 2005 har talet mjølkegardar i landet vorte halvert og gjennomsnittsproduksjonen dobla. Ytinga per ku har auka i takt med kraftførforbruket - som no ligg nær taket på kva ei ku i det heile kan ete før drøvtyggjarmagen blir uvel. Intensivering hever terskelen for å reise til fjells. ANL meiner politikken har skuld i denne valdsamme strukturendringa, og at politikken no må snu!

Betre mjølkekoteregulering

Mjølkekotetaket på 900 tonn per produksjonseining, innførd 2014, må senkast attende til 450 tonn. Dette vil i praksis redusere talet kyr per besetning frå 110-120 til 60-70. Dei som råkast av dette bør få kompensasjon. Liberaliseringa som kom tidleg på 2000-talet tillot kjøp og sal av mjølkekoter lausrivi frå areal, må reverserast. Mjølkekoter bør i stor grad vere knytt til ressursgrunnlaget. Staten bør vera den som kjøper og sel mjølkekoter, og nytte si posisjon aktivt til å styrke ein spreidd struktur- og distriktpolitikk, i tillegg til å demme opp for overproduksjon.

Investering utan utviding!

Det er omlag 5000 båsfjøs som har att å leggje om til lausdriftsfjøs før fristen i 2034. Desse er framfor alt små og mellomstore bruk. Det er veldig viktig at desse prioriterast og får dei middela dei treng til omlegginga utan at dei treng å utvide produksjonen sin. Krav til produksjonsutviding har vore ein trend i Innovasjon Norge sine tilslagn til investering i ei årrekke, og er sterkt med på å

bidra til at folk slutter i staden for å leggje om. Me trur at nedgang i setring må sjåast i samanheng med strukturrasjonalisering og økt besettingsstørrelle.

Lågare kraftførbruk, lågare yting

I Alternativ landbruksmelding (2017) har me skildra grundig at kraftførbruket må reduserast. Det må delvis gjerast ved at kraftførprisen må auke, men også ved at det må vere mindre fokus på stadig høgare yting hjå dyra. Fokuset må ligge på nytting av ressursane. På setra vil nokre kanskje få høgare yting når dei kjem til fjells og andre får lågare. Det er viktig at systemet ikkje tvingar fram ekstra fôring med kraftfôr for å oppnå like høg yting. Då mister ein mykje av verdien ved å nytte utmarksbeite og poenget med å vere på setra. Samstundes erkjenner me at noko bruk av kraftfôr på setra er eit virkemiddel til å lokking og gjeting, og at ein liten porsjon kraftfôr bidreg til å auke fôropptaket frå beitet.

Klima

Klima må sjåast i eit heilskapleg bilet. Det er sjølv sagt at kjøttforbruket må reduserast. Samstundes meiner me det er skilnad på biologiske og fossile utslepp. Det er sterkare argument for at kjøtt- og mjølkeproduksjon som bidreg til samfunnsmessige goder som biologisk mangfald, landskapspleie, kulturarv og sjølvforsyning skal få leva vidare enn til dømes oljeindustrien. Landbruket kan og bør i staden bidra ved å bli fossilfritt og med å fange karbon frå atmosfæra attende til jorda. Vidare bør det ikkje innførast krav om CO₂-avgift på kjøt som premierer kylling over ku, då kua gjer ei uvurderlig jobb i utmarka der kyllingen bidreg til auka import av protein.

3.2 SETERPOLITISKE TILTAK

1. NASJONALT SETER-TILSKOT

Me stiller oss bak Norsk Bonde- og Småbrukarlag si formulering om setertilskot: "Innføre et nasjonalt setertilskudd med differensierte satser som gir uttelling for lengden på seteroppholdet, antall og type dyr og type seterdrift: levering av melk, foredling av melk, servering/åpen seter."

- Me vil ha eit nasjonalt tilskot på **12 500 NOK** per veka, med eit minimumsopphald på fire veker. Då vil tilskota til dømes sjå slik ut, avhengig av opphald:
- **4 veker - 50 000 NOK**
 - **6 veker - 75 000 NOK**
 - **8 veker - 100 000 NOK**

Tilsvarande arbeidsløn

Tilskotet svarar til ei løn på 240 kr/t med arbeid 7,5 timer dagen, 7 dagar i veka. Eventuelt kan ein tenkje at det er 200 kr/t om ein ser for seg 9-times arbeidsdagar. Me meiner uansett at kravet ikkje er urimeleg. Setring er tidkrevjande arbeid i ein sesong der bønder flest har mykje dei skulle ha gjort både med slått og anna gardsarbeid. Innleigd arbeidskraft er i svært ofte naudsynt for å ha høve til å drifta setra, og det kan dette tilskotet dekke.

Premiere lengre opphold

Det bør vera ein stor fordel å vere lengre på setra enn i fire veker. Det er poenget med lineær tilskotsauke. Dess lengre opphold på setra, dess betre oppnåing av dei positive setereffektane - me håpar seterbrukarane som kan stimulerast til å setre i minst åtte veker. Samstundes er det ikkje alle som har høve til ei så lang setring, eit høgare krav enn fire veker vil i praksis legge ned mange

setrer. Systemet med lineær auke er skreddersydd for å sikre at flest mogleg gardbrukarar med ulike ynskjer og behov skal få høve til å nyte seg av ordninga.

Differensiering

Bevilging av setertilskot bør skje gjennom eit finmaska og målorientert system. Differensieringa tenkjer me skal slå ut som korrekjon frå normen. Nøyaktig kor mykje det skal differensierast har me ikkje tatt stilling til, men her er nokre retningar: eigen foredling av mjølk bør løvvast ein del ekstra, og servering eller open seter litt ekstra. Vidare bør ein til dømes få meir tilskot for å ha 15 kyr enn 5, men ikkje premierast for å overskride talet dyr som det er ressursmessig fornuftig å ha på setra.

Endring frå dagens setertilskot

I dag plikter fylkeskommunene å innvilge stønad på 50 000 NOK til alle setrer gjennom regionalt miljøprogram (RMP), om søkeren tilfredsstiller krava - som mellom anna er minimum seks vekers seteropphold. Endringa me vil ha er altså å senke minstekravet til opphaldstid, auke det totale beløpet ein seter kan få og gje kraftigare insentiv for lengre seteropphold. I tillegg ynskjer me at tilskotet skal vera nasjonalt - både for å signalisere at det foregår ei nasjonal setersatsing, og for å få friske middel, slik at fylkeskommunane slepp å bruke av pengepotten dei har til RMP.

Definisjon, seter

Minstekravet for å kvalifisere til setertilskot mein er me må vera eit opphold på fire veker. Vidare støtter me dagens definisjonskrav, som mellom anna krev at det beitast i utmark, at ein driv med mjølkeproduksjon av eit visst omfang og at ein befinner seg ein annan stad enn akkurat på garden. Det spelar utover dette inga rolle om setra er på fjellet, i skogen eller på ei øy.

2. GRATIS MJØLKEKVOTE

ANL vil at dei som har landbrukseigendom og tilgang til seter og ikkje allereie har mjølkekvote skal få ei gratis mjølkekvote på 100 tonn, om dei vil drive mjølkeproduksjon med setring som ein del av drifta si. Om ein driv mjølkeproduksjon frå før, men har under 100 tonn bør ein få mellomlegget gratis etter same premiss. Dette er eit setertiltak, så vel som eit tiltak som bidreg til å reverse sentraliseringa med færre og større mjølkebruk. Det er óg eit godt tiltak for å få fleire unge inn i landbruket og til drive med setring. Eit anna tiltak kunne vore å utelatt seterproduksjon frå kvotesystemet, altså at ein bonde med 200 000 kg mjølkekvote kan produsere dette pluss ubegrensa seterproduksjon. Det ville bidratt til auka setring og utmarksbeitebruk det óg, men får ikkje med seg den ynskja effekten om å sleppe inn nye småbrukarar, så me foretrekk det fyrste tiltaket. Me anerkjenner at tiltaket kan virke urettferdig mot dei som har slitt eller slit med å få tak i mjølkekvotar og må betale i dyre dommar for dette. Likevel står me ved at tiltaket totalt sett er positivt, og vil også peike attende på mjølkekvotepolitikken me la fram i forrige delkapittel, som me meiner vil betre pris og tilgang i den generelle kvotemarknaden.

Kopla opp mot målet med 500 nye stolar i løpet av ti år så kanskje halvparten av dei nystarta setrene vil starte opp gjennom gratiskvotesystemet. Resten er bønder som allereie har mjølkeproduksjon. Det vil isåfall gi totalt 25 mill kg mjølkeproduksjon i året, som tilsvrar 1,7 prosent av dagens totale mjølkeproduksjon på omlag 1 500 mill kg.

Mjølkemarknaden er uelastisk på etterspørselssida, og det er allereie bekymring for overproduksjon når eksportstøtta til Jarlsberg-ost fasast ut i 2020. Målet med å gje ut gratiskvoter tilsvarende 1,7 prosent av totalproduksjonen bør vera at dette

erstatter tilsvarende produksjonsvolum der andre sluttar eller reduserer produksjonen. Dette er enklast med ei statleg regulering av kvotemarknaden, som påpeika innleiingsvis i dette kapittelet, men også i dag må 20 prosent av kvotene selgast til staten, noko staten kan nyte seg av og koma godt på veg. Samstundes trur me at produkt laga på setermjølk og som selgast som setermjølk er ei nisje som heller enn å konkurrere med den ordinære mjølkemarknaden i stor grad vil supplere den.

3. INVESTERINGSPROSGRAM FOR SETRER

På mange setre er det eit stort behov for å sette i stand eller ruste opp driftsbygningars, infrastruktur og seterbu. Nokon vil kanskje byggje seg eit foredlingslokale eller ein plass å servere gjester. Som del av ei nasjonal satsing på seterdrift vil me at Innovasjon Norge skal ha eit eget investeringssprogram for seter. Dåøymerker ein middel, og seterbrukarar slepp å konkurrere mot heilt andre type investeringssøknader i landbruket. Middelet skal til dømes brukast på infrastruktur som er knytta til setra: permanente gjerder, veier, ferist, vatn tilgang. I dag støtter ikkje Innovasjon Norge slike infrastrukturtiltak. I tillegg kjem sjølvsagt opprusting og utvikling av setra. Flyttbar teknologi til bruk både på setra og garden som ein kan få stønad til gjennom andre investeringssprogram skal ein ikkje få stønad til gjennom seterprogrammet tenkjer me, men det er viktig at det finnест middel til flyttbar teknologi i Innovasjon Norge. Døme er flyttbare mjølkerobotar og mjølkestallar, ystebu på hengar og dieselagggregat.

Eit investeringssprogram for setrer er óg ei investering i dyrevelferda. Me trur at dyra har det betre av å gå i utmark enn i ved å stå i fjøset, men investeringar til leskur og gjerdinger er også

FAKTA: MJØLKEKVOTE

Skal du kunne levere mjølk til meieri må du ha mjølkekvote. Denne avgjer kor mykje mjølk du kan produsere. Då ordninga vart innførd på 1980-talet var mjølkekvota bunde til garden, og kjøp og sal gjekk via staten. Tidleg på 2000-talet vart kjøp, sal og etter kvarleige av mjølkekvoter kraftig liberalisert. Taket var då på 170 000 kg, men vart heva i fleire omgangar. Lenge låg det på 450 000 kg for sjølvstendige bønder og 770 000 for samdrifter, men i 2015 vart taket heva til 900 000 kg båe. Kvotestoltena ligg i dag i snitt på omlag 200 000 kg/år. Dette tilsvrar 25-30 kyr. Taket tilsvrar 110-120. Mjølkekvoteordninga hindrar overproduksjon og ustabile mjølkemarknader, og taket er med på å avgjere kor mykje det er mogleg å sentralisere. Det kan vera både dyrt og vanskeleg å få tak i mjølkekvote om du ikkje har, og prispresset har vore ekstra stort sidan 2015.

FAKTA: TINE

Tine er eit samvirkeleg som 80 prosent av mjølkebøndene i Norge er med i, og Tine eigast av desse bøndene. Tine er også utnevnt av staten som marknadsregulator for mjølk, og har i oppgåve å sikre både forbrukarar og bønder stabile prisar. Dei har henteplikt hjå alle som har mjølkekvote, uansett om garden ligg sentralt, avsides eller det er setring på fjellet.

er godt skikka til å ta hand om setermjølk, lage stadseigne nisjeprodukt og med det bidra til matmangfald og matkultur. Ein kan også sjå for seg at mikromeieri til dømes har direktesal av ferskmjølk, og at det som ikkje seljast blir henta til den vanlege mjølkedistribusjonen kvar gong Tine er i bygda. Det same kunne gjelde for ferdig foredra produkt. Dette gjer også at verdiskapinga blir igjen i bygda. Uansett bør det gis friske middel gjennom Innovasjon Norge til opprusting av nedlagte lokale meieri eller oppbygging av nye, slik at dei som ynskjer å satse på mikroproduksjon kjänner seg oppmodna frå staten til det. Det er fleire fordelar med samvirkemodellen som til dømes at bøndene har meir påverknadskraft og tryggleik. Difor vil me oppmodne Tine til å gjennomføre dette, men også andre som ynskjer å starte opp eit mikromeieri til å gjere det etter ein samvirkemodell. Om Tine vil gjera nokre stund på dette sjølv!

4. SATSING PÅ MIKROMEIERI OG LOKAL DISTRIBUTSJON

I dag er det vanleg å enten foredra setermjølk sjølv, eller levere til Tine. Me ynskjer at politikken legg til rette også for ein mellomting, som kan supplere dei fyrste to. Dette er relevant i lys av at Tine har fått færre meieri og større tankbilar, og i lys av mattrendar der forbrukaren sokjer særeigne produkt og nærrare band til produsenten. Samstundes fjerner dette ikkje Tines ansvar for å sjølv endre strukturane sine som i dag byggjer opp under ein sentraliseringspolitikk som ikkje er bærekraftig, verken for landbruket, forbrukarane eller bøndene.

Henting og levering av mjølk

For å ta det praktiske fyrst - dagens tankbilar kan ha problem med å kome seg fram på ei humpete mjølkerute mot setra enn sine forgjengarar, eller problem med å snu i stølstunet. Difor krevst det ei opprusting av vegen hjå mange som kunne tenkje seg å starte opp setra att og ha mjølkelevering, som er kostnad og arbeid seterbruken må ta. Om desse og andre seterbrukarar i kommunen eller regionen syns lokal distribusjon er ein god idé kan ein spare kostnadar og arbeid tilknytt opprusting av vegar, og heller investere i eit distribusjonssystem på sida av Tine sitt, som er tilpassa eksisterande vegnett. Dette kan utførast av lokale samvirker eller privat, ved bruk av mindre tankbilar eller flyttbare mjølketankar som frakter mjølka til eit mikromeieri (sjå neste avsnitt). Investering i slike løysingar bør bevilgast av Innovasjon Norge gjennom investeringsprogram for seter.

Mikromeieri

Små, lokale meieri, mikromeieri kan ein kalle dei,

5. FORBOD MOT MIS- VISANDE SETERREKLAME

I dag kan ein kalle eit produkt for eit "seterprodukt" uten at det i det heile har vore knytt til ei seter, som seterrømme og setersmør. Dette er å lure forbrukaren. Vidare frår over det faktiske seterprodukt eit varemerke med truverd. ANL ser ingen grunn til at dette skal vera lov, og ber om at denne typen misvisande reklame fasast ut snarast. Seterbrukarar må ha einerett til å bruke "seter" og tilsvarande ord som "støl" i marknadsføring. Dette meiner me i høgste grad kan hjemlast i regulering av miljø- og etikkpåstandar i marknadsføring, og handhevast av Forbrukartilsynet.

6. AUKA BEITETILSKOT FOR UTMARKSMJØLK

Der finnst utmarksbeitetillegg i dag, og me ynskjer at det skal haldast fram. I tillegg ynskjer me at utmarksbeitetillegg skal differensierast på om det er mjølkproduksjon eller ikkje. Me ynskjer at det skal bli mer mjølkproduksjon frå dyr som har beita i utmark. Det er fleire praktiske utfordringar knytt til å ha mjølkande dyr på utmark enn om ein ikkje har mjølking. Difor må ein utjevne dei praktiske utfordringane og premiere dei gode følgane med økonomisk kompensasjon.

7. STYRKE AVLSLAG FOR GODE BEITERASER

Politikken har ikkje makt til å bestemme kva avslag mål avslaga skal sette seg for rasene sine, men dei bevilger ulike pengesummar til drifting av avslaga. Til dømes fekk Tyr som driv med intensive ammekyr over to millionar i 2018, medan Telemarksfelaget berre fekk 100 000. ANL meiner finansieringa bør premiere avslag for raser som er gode på å nytte ulendte beiteareal og eit mangfald av beiteplanter, og som har ein kroppsbygning som likar seg i det norske terrenget. Spesielt ynskjer me ei sikker finansiering av avslaga for bevaringsverdige husdyrraser.

8. TILSKOT TIL KASTRERTE OKSAR

Det er ikkje berre mjølkekyr og kviger som bør få bli med opp på setra. I dag lever mange okser heile livet innanfor fjøsdøra. Det er korkje god dyrevelferd eller ressursnytting. Okser burde kastrerast slik at dei òg kan nytte ressursane som fjellet og skogen byr på. Kastratar gir meir og betre biff enn okser. Me foreslår at kastratar skal få eit eget tilskot slik som mjølkeku og ammeku får gjennom husdyrttilskot i dag. Tilskotet kan finansierast av og erstatte kvalitetstilskotet for storfekjøtt som finst i dag, då det har lite med kvalitet å gjøre.

3.3 YNSKJER TIL ANDRE AKTØRAR

YNSKJER TIL TINE

Som me allereie har nevnt i denne Seterpolitske meldinga, ynskjer me ei anna meieristruktur. Me vil at sentraliseringa av meieria må reverserast, fordi dei tek vare på fleire verdiar enn penger på bok. Tine står i ein særeigen posisjon i mjølkemarknaden. Me meiner Tine har eit særskild ansvar for å sikre at setermjølka kjem frå setra til butikken. Men viss mjølkebilane er for store og vegen til meieriet blir for lang vil ikkje Tine klare å sikre henting av setermjølka. Dette kjem an på kva stand vegane til setra er i, men også på storleiken til bilane som kjem for å hente mjølka. Vidare meiner me at Tine ikkje må leggje ned fleire meierier og heller starte opp fleire nye "mikromeieri" som kan gje produkta lokal identitet.

For å gje seterdrifta eit lyft oppmodnar me Tine til å gjere skilnad på setermjølk frå anna mjølk. Det er ei anna kvalitet på setermjølka og det kan

tydleggjera anten ved å selje mjølka som eit eige produkt eller ved å produsere eigne meieriprodukter på stølsmjølk. Dette blir produkter med personlegheit frå eit område og kan marknadsførast på ein anna måte en den ordinære mjølkeproduksjonen.

YNSKJER TIL MATTILSYNET

Mattilsynet bør leggje til rette for at det skal vere mogleg å drive med lokal foredling på tradisjonelt vis. Alle er einige i at ein må ein produsere og distribuere på ein forsvarleg måte, og sikre at produkta ikkje er helseskadelige. Dette er er bra for folkehelsa, men også omdømmet til dei som driv med mjølkeproduksjon og lokal foredling. Utsal av rå mjølk forutsatt strenge krav til kjøling, hygiene og opplysing til forbrukaren bør bli lov. Mattilsynet bør vere med på å bygge kunnskap og kompetanse på småskala ysting og foredling.

YNSKJER TIL GENO

Me ynskjer avlsmåla hjå geno skal endrast for Norsk Raudt Fe slik at dei blir betre tilpassa utmarksbeite og ikkje berre mjølkerobot, fjøs, kraftfør og høg ytelse. Me vil forøvrig rose Geno for å ha gått et skritt for satsning på kombikua og at Norsk raudt fe kan brukast til mjølkeproduksjon og i tillegg til kjøtproduksjon.

YNSKJER TIL NORTURA

Det må lønne seg å produsere kjøt som faktisk er av god kvalitet. Dyr som har mosjonert mykje og har ete variert blir det god kvalitet på kjøtet av. For at det skal lønne seg å kastrere ungdyr og sende dei i utmarka, bør kastratar godgjera ekstra i slakteoppkjøret. Nortura bør ikkje utelukkande sjå på vekt når det skal gjerast opp, men også ta kvalitet og berekraft til omsyn.

YNSKJER TIL MATKJEDENE

Me ber også matkjedene om å utvise rausheit og bidra til ei positiv samfunnsutvikling ved å ta inn lokalprodukt frå regionen sin, sjølv om kvantumet er låg og tilførselen noko ujamn. Me er mange som saknar handlingsrommet til innpass for lokale produkt som vart svekka då Samvirkelaget vart lagt ned ved årtusenskiftet. Likevel skal me rose dei butikkane som i dag er flinke på dette.

YNSKJER TIL UTDANNINGSINSTITUSJONAR

Me ynskjer at kunnskap om seterdrift skal ivaretakast og det skjer kun ved å halde drifta i hevd. Det bør satsast på å ivareta den kunnskap som finst, fordi den vil døy ut om han ikkje brukast. Difor trur me at jordbruksutdanningane må fokusere meir på beitebasert drift og seterdrift.

Forsking bør i større grad fokusere på beitebasert. I tillegg til å forske på korleis ein kan finne nye ressursar til proteinbasert føro som alger og sagfamilis, bør ein i større grad forske på korleis ein kan forbedre utmarksbeitebasert drift.

YNSKJER TIL FORVALTINGA

Me ynskjer at det skal vere eit finmaska tilbod av tilskott som differensierer på mange faktorer som til dømes biologisk mangfold. Me ynsker god samhandling mellom Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet slik at tilskotsordningar tar i vare biologisk mangfold på ein måte som er praktisk gjennomførbar. Det er viktig med kunnskapsbygging om korleis ein tar i vare biologisk mangfold.

Kjeldehenvisning

- 1: <http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/#/RodlisteNaturtyper/Vurderinger/>
- 2: <https://www.artsdatabanken.no/Rodliste/UtdoddeArter>
- 3: <https://www.artsdatabanken.no/Rodliste/HvorFinnesDeTrueteArtene>
- 4: (<https://www.artsdatabanken.no/Pages/168424>)
- 5: (<http://www2.artsdatabanken.no/faktaark/Faktaark126.pdf>)
- 6: (<https://artsdatabanken.no/Rodliste2015/rodliste2015/Norge/52409>)
- 7: <https://www.nmbu.no/fakultet/biovit/forskning/temasider-husdyr/storfe/produktkvalitet-kj-tt/node/9775>
- 8: https://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S0308521X17310338?_rdoc=1&_fmt=high&_orig-in=gateway&_docanchor=&md5=b8429449ccfc9c30159a5f9aeaa92ff

